

Sak 11: Behandle vedtakssaker

Sak 11.1. Betaling av leige for Eikefjordhallen og idrettsbana i Kvalvika

Bakgrunn:

Eikefjord idrettslag har inngått avtale med Kinn kommune om å ta over drifta av Eikefjordhallen. EIL skal betale 225 000 kr/år i leige til Kinn kommune, og idrettslaget styrer innkreving av leige frå både undergrupper i laget og eksterne aktørar som ynskjer å leige hallen.

Idrettslaget ynskjer at undergruppene skal ha fokus på å skape mest mogleg aktivitet, og at dette skal vere eit tilbod til flest mogleg i bygda, uansett økonomisk ståstad. I ei tid med stadig fokus på ei aukande fattigdomsutfordring, der det kan vere vanskeleg for fleire å vere med på idrettsaktivitetar grunna høge treningsavgifter, ynskjer EIL å bidra til at born og unge i framtida kan vere på trening utan å bekymre seg for høge utgifter. Eit ledd i dette kan vere å tilby undergruppene som har trening for barn og unge under 13 år gratis leige.

Framlegg til vedtak:

Undergrupper i Eikefjord idrettslag, som driv med aktivitet for barn og unge under 13 år, slepp å betale leige (til idrettslaget) for Eikefjordhallen i 2023. EIL forventar at undergruppene vil redusere treningsavgiftene til kvar einskild utøvar i framtida som konsekvens av dette.

EIL styret: implementering av «trygg på trening» i heile idrettslaget

Motivering:

Fokus i EIL på temaet seksuell trakassering og overgrep

Seksuell trakassering og overgrep skal ikkje skje i idretten, og er direkte i strid med idrettens visjon om idrettsglede for alle. Likevel veit vi at 3 av 10 har opplevd overgrep før ein er 18 år, - og idretten speilar samfunnet. Trakassering og overgrep skjer ofte utan at det blir rapportert, handsama og reagert på.

Førebygging er det viktigaste ein gjer. Handling må skje om det er noko form for mistanke. Men korleis førebyggjer me i EIL og korleis vil me handtere ei potensiell sak?

For å lære meir samla EIL trenarar, leiarar m.fl. til foredraget *Trygg på trening* med Trond Berge Høvik, spesialsjukepleiar og fagleg rådgjevar i Nok. Bergen. Vidare arrangerte vi Trygg på trening, del 2, ei samling med diskusjon og gruppearbeid i regi av Redd Barna ved Kristiane Utheim-Brown.

Det viktigaste for å førebyggje er at alle barn og ungdom opplever dei vaksne i EIL som trygge vaksne, at ein tar dei på alvor og pratar med dei på ein god måte. **Trygge vaksne gir trygge barn!**

Målet for 2023 er å få på plass ein handlingsplan for å snakke ope jamnleg om temaet og korleis handtere mistankar. Me vil òg få på plass «Mitt varsel». Maria Dalsbø som er prosjektleiar for Trygg på trening seier på Nrk Sogn-og Fjordane 21. februar 2023: «Tabuet er overgriparen sin beste ven. Vi må tørre å seie ifrå om det er noko som skurrar»

Norsk idrett har egne retningslinjer mot seksuell trakassering og overgrep

Alle har ansvar for å gripe inn og varsle ved brudd på retningslinjene. Styret i hvert idrettslag har ansvar for at retningslinjene er kjente og blir fulgt.

Seksuelle overgrep er brudd på Straffeloven (kap.26), og skal meldes til, og etterforskes av politiet. Følgende retningslinjer gjelder i hele norsk idrett:

- 1. Behandle alle med respekt, og avstå fra alle former for kommunikasjon, handling eller behandling som kan oppleves som krenkende.*
- 2. Unngå berøringer som kan oppleves som uønsket.*
- 3. Unngå alle former for verbal intimitet som kan oppleves som seksuelt ladet.*
- 4. Unngå uttrykk, vitser og meninger som omhandler utøveres kjønn eller seksuelle orientering på en negativ måte.*
- 5. Tilstrebe å ha begge kjønn representert i støtteapparatet.*
- 6. Unngå kontakt med utøvere i private rom uten at det er flere til stede eller det er avtalt med foresatte eller idrettsledelsen.*
- 7. Vis respekt for utøverens, trenerens og lederens privatliv.*
- 8. Unngå doble relasjoner. Dersom et gjensidig forhold etableres bør situasjonen tas opp og avklares åpent i miljøet.*
- 9. Ikke tilby noe form for motytelse i den hensikt å forlange eller forvente seksuelle tjenester i retur.*
- 10. Gripe inn og varsle dersom man opplever brudd på disse retningslinjene. Støtteapparatet (trenere, ledere, tillitsvalgte, funksjonærer, dommere, foreldre mfl.) har hovedansvar for at retningslinjene gjøres kjent og overholdes i organisasjonen/idrettsmiljøet.*

Å sende inn et varsel

Ønsker du å varsle i idretten kan du gjøre det på to måter. Den første er å sende inn via skjema i portalen MittVarsel. Den andre er å sende et skriftlig varsel eller ta muntlig kontakt med styreleder, daglig leder eller annen ansvarsperson du stoler på, dit du ønsker å varsle.

Å sende inn varsler via MittVarsel

Mitt Varsel gir oss en sikker løsning for å motta og oppbevare varsler, og for å kommunisere med personer etter at varselet er sendt inn. Fra mai 2022 har alle særforbund og idrettskretser implementert denne løsningen. Fra august 2022 tilbyr vi denne løsningen til alle idrettslag, men det vil ta tid før alle har fått opplæring og tatt den i bruk. Idrettslag som ikke har MittVarsel enda må derfor kontaktes direkte.

Forslag til vedtak:

EIL implemterer «trygg på trening» i heile idrettslaget ved å opprette ei gruppe med ein representant frå kvar særgruppe. Denne gruppa skal få på plass handlingsplan/rutiner for «Trygg på trening» i EIL.

Trygg på trening

Et samarbeid mellom
Nok. Bergen, Nok. Sogn og Fjordane og
Vestland idrettskrets

Idrettsarena - et trygt sted å være

Nok.
Bergen

Nok.
Sogn og
Fjordane

NORGES
IDRETTSFORBU
Vestland idrettskrets

*Skrevet av politiattestansvarleg
Liv Torsvik Myrvollen*

EIL Handball:

Etablering av fellesbil til reise på kamper og cuper.

Forslag til vedtak frå handball:

Jobbe med å etablere kjøp og rutiner for bruk av fellesbil.

Forslag til vedtak frå styret:

Det vert sett ned ei gruppe på 3 stk (styret/handball/fotball) for å greie ut saka. Det skal hentast inn pristilbud på kjøp/leasing av klubb-buss og sjå på organisering /rutiner av tiltaket. Styret får mandat til å avgjere saka.

Kort oppsummering frå barneidrettsansvarleg:

I etterkant av årsmøtet til EIL i 2022 vart er spurt om å vere barneidrettsansvarleg i klubben. Det takka eg ja til og tok med det på meg å organisere oppstart av allidrett for 2-5 år og 6-9 år.

21. juni var eg invitert til eit utvida styremøte i EIL saman med alle gruppeleiarane og leiar for kontrollutvalet. Her presenterte eg utkast til planar for allidrett, med treningstider og fordeling av idrettar på veketal. Det vart ein lengre diskusjon kring dette og det vart klart at to av særiddrettane var veldig negative til den vedtekne oppstarten av allidretten. Etter ei lengre drøfting vart det bestemt å avvente oppstart av allidrett for 8-9 år sidan desse aldersgruppene allereie var i gong med særiddrettstreningar. Eg oppfatta då det vidare oppdraget til å dreie seg om 2-5 år og 6-7 år. Alle gruppeleiarane fekk ansvar for å informere sine styremedlemmer og aktuelle trenarar om det som var lagt fram og bestemt.

Det vart ein kronglete oppstart i haust der informasjon ut til føresette kom to veker etter skulestart. Det skapte nok diverre eit informasjonsvakuum og eg ser at denne informasjonen ideelt sett burde kome ut i juni, før skule og barnehage tok ferie. Dette får ein berre notere seg som lærdom til seinare.

Før oppstart hadde vi møte med representantar for styra i fotball og handball for å drøfte deira bidrag inn mot øktene som var sett av til dei to idrettane. Fotballen stilte etterkvart opp med trenarkrefter til sine økter, det gjorde diverre ikkje handballgruppa. Vi ordna likevel med trenarar som tok handballøktene.

Vi har hatt fokus på å variere tilbodet i allidretten slik at borna skulle få oppleve flest moglege idrettar. Vi har dette halvåret vore inno:

- Fotball
- Handball
- Volleyball
- Basketball
- Badminton
- Taekwondo

Ungane fekk vere med på fotballturnering i haust, og kunne stille med to lag for dei yngste! Det var veldig populært. Vi har i tillegg hatt ein hovudlykttur i Sørmarka saman med gruppa 2-5 år der vi tende bål, og serverte peparkaker og kakao.

Vi hadde som mål å få til ski i vinter, men det vart vanskeleg å planlegge med det veiret vi har hatt. Vi har likevel snakka med ressurspersoner som kan tenke seg å hjelpe til med skiaktivitet til neste sesong. Mange har ønskt seg turn og det er eit håp om å kunne få dette til i vår, dersom ein fortset med allidrett for aldersgruppa 6-7 år.

Vi har hatt to treningar i veka, med ein del større oppmøte på måndag enn onsdag/torsdag. Vi har nytta eigne trenarkrefter der det har vore moglege. Elles har vi knytta til oss ressursar utanfrå (taekwondo og volleyball).

Ved avslutning til vinterferie laga eg ei spørjeundersøking til føresette som har hatt ungar på allidretten. Hovudfunna er slik:

- Generelt er føresette nógde med tilbodet om allidrett.
- 8 av 10 meiner det er nok med ein treningsdag i veka.
- 8 av 10 ónskjer at ein skal halde fram med allidrett for 6-7 áringar.
- 6 av 10 ónskjer at ein skal utvide tilbodet til 8-9 áringar.

Det kom ógsá innspel om á fá til turn, fleire turneringar/stemne som ungane kan delta pá og innspel om á ha ein dag i veka med særiddrett og ein dag med allidrett.

Elles har underteikna signalisert til leiar i hovudstyret at det kan vere lurt á ha ein eigen ansvarleg for 6-8 áringane (gjerne ein forelder). Eg vil gjerne fortsette med ansvar for gruppa for 2-5 ár

Innspel frá fotballgruppa:

Bakgrunn

Vedtak frá førre årsmóte i 2022, ved etablering av allidrett; Seier at for born ut 4. klasse skal allidrett være det gjennomgåande tilbodet for barn i EIL.

Ved á legge begrensing for tidspunkt særiddrettane kan starte opp tilbod (ikkje før utgong av 4.klasse) tek ein vekk aktivitetstilbod for borna i Eikefjord. Dette er uheldig for særiddrettane, men aller mest er det uheldig for borna, at aktivitetstilboda deira vert svekka.

Motivasjon: Fleire må fá drive med sin idrett og hindre frafall og evt. klubbyte.

Kontinuitet og rekruttering pá trenar og utdanningsida dett ut. Aktivitet til cupar og turneringar opp mot ansvarleg.

Innspel frá handballgruppa:

Vedtak á etablere Allidrett frá siste årsmóte 2022:

Unge i alderen mellom 2-9 ár har kun tilbod av Allidrett som aktivitet i idrettslaget. Det viser seg at det er blitt vanskeleg á stille med lag i dei yngste gruppene, pga. Manglande rekruttering av nye unge neste árene. Etter etablering av Allidrett mister vi en del unge som ikkje er i aktivitet både i Allidrett og særiddrett.

Forslag til vedtak frá handballgruppa:

-Oppstart med mulighet á begynne særiddrett med seinest 7ár (2.klasse).

-Allidrett er en gruppe ved siden av særiddrett med tilbod for dei som ikkje vil være med i organisert trening.

Forslag til vedtak frá fotballgruppa:

Særiddrettane bør ikkje begrensast i forhold til oppstart av nye grupper for sin aktivitet. Kva for aldersgruppe særiddrettane veljer á starte opp tilbod for skal være opp til kvar særiddrett á bestemme gjennom sitt styre.

Forslag til vedtak frá hovudstyret:

Med bakgrunn i erfaringar frá dette halvåret og innspel frá føresette kjem vi med følgjande framlegg til vedtak:

Ársmótet opprettheld vedtaket frá 2022 om allidrett, men endrar aldersgruppa for tilbodet til 2-8 ár, delt i to grupper, 2-5 ár og 6-8 ár. For aldersgruppa 6-8 ár set ein av ein treningsdag i veka til dei to største særiddrettane, fotball og handball. Dei to gruppene får ansvar for á dele øktene mellom seg og gjennomføre treningar/turneringar. Den andre treningsdagen er det ansvarleg for allidretten som organiserer. Denne dagen skal vere sett av til andre aktivitetar enn fotball og handball.

EIL Fotball:

Vedtatt på årsmøte 2022 at hovedlaget fordeler sponsormidler. Dette er ikkje undergruppene tjent med med tanke på planlegging av sesongen og dens aktivitet. EIL Fotball ser ikkje kvifor hovedlaget skal bli ein bank for all aktivitet, der undergruppene må kjempe om midlane ut frå skjønn.

Framlegg til vedtak frå fotballen:

Ber årsmøte om ein endring der midlane blir fordelt ut frå medlemmer og aktiviteten. Fordelt ut i frå skjønn er ikkje eit alternativ. (Motivasjon: frihet til å drive sin aktivitet)

Framlegg til vedtak frå styret:

EIL støtter ikkje forslaget frå fotballen. Idrettslaget skal drivast etter vedteke Lovnorm og organisasjonsplan for EIL. Den bygger på at gruppene skal budsjettere aktiviten sin for det kommende året og at styret skal bidra med midler der det trengst.

EIL Handball:

Felles regler for bruk av sosiale medier i og på idrettsbanen/hallen for utøver og trener på tvers av idrettslaget

Forslag til vedtak:

Felles samtykkeerklæring som gjelder på tvers av alle sær idretter som er underlagt i idrettslaget. Grunnlaget kan være «retningslinjer for publisering av bilder av barn» som er utgitt av NIF.

Forslag til vedtak frå hovudstyret:

Styret støtter tiltaket frå handballen. Men vi ønsker at arbeidsgruppa som skal jobbe med «Trygg på trening» (sjå sak 11.2) også ser på denne saka, bl.a bruk av kommunikasjon mellom trenere og utøver. F.eks å gå vekk frå bruk av facebook til å bruke spond for alle gruppene.

Forslag frå styret til vedtak:

Familiekontigent: kr 400,-

Over 19 år: kr.200,-

Under 19 år: kr.100,-

Støttemedlem: kr.100,-